

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Arnbjørg Adolfsen [mailto:arnbjorg.adolfsen@Vestre-Slidre.kommune.no]

Sendt: 4. mars 2005 14:42

Til: Postmottak OED

Emne: Høring - NOU 2004 Hjemfall

Viser til telefonsamtale med Aksel Tannum sist fredag, der vi fikk utsatt fristen for å sende høringsuttalelsen vedr. Hjemfall. Dette fordi vi først i går kveld hadde vårt første ordinære kommunestyremøte i år... Se vedlegg.

God helg!!

Hilsen

Arnbjørg Adolfsen - Vestre Slidre Kommune

Tlf. 61 34 50 13

<<vedtak.doc>>



## SÆRUTSKRIFT

Saksnr.: Utvalg  
0007/05 Kommunestyret

Møtedato  
03.03.2005

### HØYRING - NOU 2004:26 HEIMFALL

Saksbeh.: Eli Marit Fuglesteg  
Arkivsaksnr.: 05/00052

Arkiv: 61 S01

#### Vedlegg til saka:

Ingen

#### Skriv i saka, ikkje vedlagt:

Høring – NOU 2004:26 Heimfall - Skriv frå Olje- og Energidepartementet  
NOU 2006:26 Heimfall

Diverse avisartiklar frå Aftenposten og Kommunal Rapport.

Kopi av lysark frå LVK, LO og KS sitt seminar "Hvem skal eie vannkrafta?" 20.01.2005

Energiveteranenes høringssvar til NOU 2006:26 Heimfall

Skriv frå KS: Hjelp til arbeidet med høring av forslag til endringer i reglene om heimfall.

Høyringsuttalar frå Regionrådet for Valdres og Vang kommune.

#### Bakgrunn:

Då vasskraftutbygginga i Noreg for alvor tok til fyrst i det førre hundreåret, såg politikarane det som turvande å sikre at vasskraftressursane vart verande i norsk eigarskap. Norske styresmakter har gjennom ulike ordningar sikra seg sjølve kontroll med vasskraftressursane. Ei av desse ordningane er at det trengst konsesjon for å få løyve til vasskraftutbygging. Ei anna ordning er heimfall. Heimfall tyder at vassfall, vassdragsregulering og tilhøyrande kraftanlegg tilfell staten vederlagsfritt etter utløpet av konsesjonsperioden. Det er berre reguleringar som ikkje er eigde av det offentlege som blir pålagt konsesjonar med heimfallsvilkår etter dagens lovverk. Ordninga gjev rom for å søkje om ny konsesjon ved utgangen av konsesjonsperioden.

Ei tredje ordning var ordninga med konsesjonskraft. Den gikk ut på at kommunar med utbygde vassdrag skulle få kjøpt 10 % av den produserte krafta til sjølvkost. Denne krafta kunne kommunane nytte sjølve eller selja vidare. Mange, mellom dei LVK

(Landssamanslutninga av vasskraftkommunar), meiner at desse ordningane har sikra mykje av den velstandsutviklinga som kom i landet vårt i løpet av det førre hundreåret.

I 1992 gikk Noreg inn i eit EØS-samarbeid med EU. I samband med underskrivinga av EØS-avtalen vart det sagt at rettane til norske vasskraftressursar ikkje vart berørte av avtalen. ESA (EFTA Surveillance Authority), overvakingsorganet i EU som skal sjå til at EØS-avtalen blir fylgt, er ikkje lenger så sikker på om dette stemmer. ESA har reist spørsmål om heimfallsreglane slik dei er no er utforma er i strid med reglane om fri etableringsrett og frie kapitalrørsler i EØS-avtalen.

Ved Kongeleg resolusjon den 04.04.2003 vart det oppnemnt eit utval, det såkalla Heimfallsutvalget, til å greie ut om ei vidareført heimfallsordning og utforminga av denne.

Det har vore tolv medlemmer i dette utvalet, representert ved staten, kommunesektoren, kraftbransjen og arbeidstakersida i tillegg til to uavhengige medlemmer med økonomisk og juridisk bakgrunn. Utvalet har vore leidd av advokat Tore Vestbakke. Resultatet av Hjemfallsutvalget sitt arbeid er NOU 2004:26 som no er ute til høyring hjå alle berørte partar. Olje- og energidepartementet har sett ein høyringsfrist til 1. mars 2005. Denne har Vestre Slidre kommune fått utvida med nokre dagar, slik at utfallet av denne behandlinga kjem fram i rett tid.

### **Saksutgreiing:**

Heimfallsutvalet har vurdert fleire modellar for eit framtidig heimfallsregime, alt frå dagens ordning til totalt bortfall av heimfall.

#### *Framhald av dagens ordning:*

Utvalet meiner at dagens ordning med skilje i rammevilkår mellom offentleg og privat eigarskap har avgrensa høva til å omdisponere egedelane i kraftforsyninga. Dette har redusert dynamikken i kraftsektoren. EØS-uttreiar for utvalet, fyrsteamanuensis dr juris Olav Kolstad, har slege fast at dagens reglar strir mot føresetnadene om fri etableringsrett og frie kapitalrørsler i EØS-avtalen. Utvalet konkluderar med at ei vidareføring av dagens regelverk ikkje er eit ynskjeleg alternativ korkje samfunnsøkonomisk eller rettsleg.

#### *Avvikling av heimfall:*

I mandatet til Heimfallsutvalet går det fram at heimfallsinstituttet skal bli vidareført. Men utvalet skal likevel gjera reide for konsekvensane av ei avvikling. Utvalet har kome til at ei avvikling av heimfallsinstituttet truleg vil gjera kjøp av vassfall med kraftanlegg meir interessant for private og utanlandske eigarinteresser. Dette vil føre til at marknaden for omsetjing av eigardeler i kraftanlegg blir vesentleg utvida. Dette vil igjen truleg auke marknadsverdien for kraftanlegga, noko som vil ha verknad både for private og offentlege eigarar.

På den andre sida meiner utvalet at dersom heimfallsinstituttet blir avvikla, så er dette gjort ein gong for alle. Då vil det bli uråd å koma inn att med denne ordninga på eit seinare tidspunkt. Dette tek frå framtidige generasjonar eit hjelpemiddel i råderetten over desse sentrale naturressursane. Utvalet rår difor til, med eit mindretal i mot, at heimfallsinstituttet blir oppretthalde.

#### *Andre modellar for eit framtidig heimfallsregime:*

Utvalet er kome til at eit framtidig heimfallsregime må byggje på fylgjande hovudelement:

- innhaldet i heimfallet
- lengda på konsesjonsperioden
- implementering av nye reglar
- kva vassfallrettar som skal vera omfatta
- fordeling av verdiar ved heimfall

Utvalet har drøfta kvart av desse punkta særskilt og sett på heilskapen i dei ulike modellane:

#### *Innhaldet i heimfallet:*

Dei tilhøva som blir vurderte i denne samanhengen er m a omsynet til styringshøva og inntekter for staten på den eine sida og omsynet til konsesjonærane sine interesse og tilhøvet til investeringsinsentiv på den andre. Her har utvalet drøfta tre hovudalternativ:

- Tradisjonelt heimfall

Her blir eigedomsretten til vassfall, anlegg og reguleringar vederlagsfritt overført til staten slik som i dag. Konesjonæren har ingen rettar etter heimfall med mindre det er gått inn avtale tidlegare om tilbakesal eller leige.

- Tradisjonelt heimfall med kompensasjon i form av etteroppgjer  
Her blir tradisjonelt heimfall kombinert med ei plikt for staten til å yte konsesjonæren kompensasjon i form av eit etteroppgjer i samband med heimfallet. Kompensasjonen kan vera i form av ein eigardel eller finansielt oppgjer. Det står staten fritt å vurdere kva form for kompensasjon konsesjonæren skal få innan for dei rammene som ligg til grunn for modellen. Konesjonæren kan bli gjeven rett til å få avklara i god tid før heimfallet kva form kompensasjon han vil få. Slik vil konsesjonæren få høve til å planleggje.
- Partielt heimfall  
Her får konsesjonæren behalde ein eigardel etter heimfallet. Dette gjev konsesjonæren tryggleik for deltaking i den vidare drifta både fysisk og finansielt. Resten blir overført til staten vederlagsfritt. Vidare eigarskap blir utøvd av staten og konsesjonæren i fellesskap. Val av vidare driftsform og organisering kan bli avklara innan ei fastsett tid før heimfallet. Staten kan bli gjeve innløysingsrett til konsesjonæren sin eigardel på nærare fastsette vilkår.

Felles for alle desse heimfallsmodellane er at staten på heimfallstidspunktet kan avgjera om det skal bli gjeve konsesjon til vidare kraftproduksjon og vilkåra i slike konsesjonar.

Heile utvalet går inn for løysingar som inneber at konsesjonæren ved heimfall har ein rett til ein eigardel i det heimfalte anlegget eller til ein del av marknadsv verdien til anlegget. Ut over dette er det ikkje semje i utvalet korleis dette skal skje.

Fleirtalet går inn for eit partielt heimfall som omfattar 2/3 av fall og kraftanlegg. Den siste 1/3 blir att hjå konsesjonæren, men med innløysingsrett for staten mot full erstatning dersom samfunnsmessige omsyn talar for det. Det er dette synet som ligg til grunn for framlegg til lovttekst.

Det er to mindretal på dette punktet. Det eine mindretalet gjer framlegg om ein modell med tradisjonelt heimfall til staten med kompensasjon i form av eit etteroppgjer til konsesjonæren. Dette mindretalet gjer framlegg om at kompensasjonen skal tilsvare 20 % av marknadsv verdien av det heimfalte, og at staten ut frå gjevne rammer skal stå fritt til å avgjera om oppgjeret skal skje i form av økonomisk vederlag eller eigardel.

Det andre mindretalet går prinsipalt inn for at dagens offentlege eigarar kan behalde sine konsesjonar uavkorta inntil nærare bestemte transaksjonar utløyser dei nye konsesjonsreglane med heimfall, den såkalla transaksjonsmodellen. Subsidiært går dei inn for at like konsesjonsreglar ved heimfall blir gjort gjeldande frå lovtidspunktet, men at offentlege eigarar som blir fråtekne sine opphavelge evigvarande konsesjonar på heimfallstidspunktet blir gjeve ein rett til ein eigardel i heimfalte anlegg tilsvarande ein verdi på 45 %. Dette mindretalet gjer framlegg om at val mellom desse to modellane blir utsett til dess det er rydda opp i dei rettslege tilhøva i høve til EØS-avtalen. LVK sin representant i utvalet går inn for denne løysinga.

#### *Lengda på konsesjonsperioden:*

Etter dagens regelverk er hovudregelen at det blir gjeve konsesjon med heimfall etter 60 år. Isolert sett dreg omsynet til styring og kontroll i retning av kortare konsesjonstid då det gjev samfunnet oftare høve til å revurdere vilkåra for vidare drift. Ein konsesjonsperiode på 75 år kan på den andre sida gjera noko med den økonomiske verknaden det gjev for offentlege konsesjonærar å få omgjort sine tidsavgrensa konsesjonar til tidsavgrensa med heimfall. Ei

lengre konsesjonsperiode vil også kune gje betre utnytting av vasskraftressursen av di det gjev eit lengre tidsrom der heimfallsvilkåret i liten eller ingen grad påverkar viljen til investeringar, transaksjonar eller liknande.

Fleirtalet i utvalet går inn for ein konsesjonsperiode på 75 år. Det blir hevda at utvidinga frå 60 til 75 år ikkje i nemneverdig grad svekkar heimfallsordninga som verkemiddel for ei heilskapleg vurdering av ressursforvaltninga i eit langsiktig perspektiv.

Mindretalet går inn for at konsesjonsperioden på 60 år blir vidareført. Dei hevdar at dette har vore føresetnaden i lovverket fram til i dag og at denne tida er meir enn tilstrekkeleg til både naudsynte avskrivningar og tilfredsstillande avkastning investeringane. Dei meiner at vår generasjon bør vera varsame med å treffe avgjerder som kan vidtrekkjande verknader for fleire seinare generasjonar. LVK sin representant i utvalet går inn for denne løysinga.

#### *Implementering av nye reglar:*

Utvalet har sett på to ulike implementeringsalternativ for eit nytt heimfallsregime:

- Lovtidspunktmodellen  
Denne går ut på at ny konsesjon med heimfallsvilkår blir pålagt frå tidspunktet for lovendringa.
- Transaksjonsmodellen  
Her blir heimfallsregelen utløyst fyrst i det dagens offentlege eigarar sel ein bestemt eigardel eller foretek andre nemnde transaksjonar. Utan slike transaksjonar blir dagens tidsavgrensa konsesjonar vidareførte. Denne modellen føreset at det blir fastsett reglar for kor store endringar i eigarskap som skal til før det utløyser heimfall. Utvalet sin EØS-utreiari meiner at denne modellen ikkje er foreinleg med EØS-avtalen. Dette er det elles ikkje semje om i utvalet.

Fleirtalet i utvalet går inn for lovtidspunktmodellen. Dei meiner at transaksjonsmodellen skapar for store utfordringar med omsyn til EØS-reglane.

Mindretalet går inn for transaksjonsmodellen av di dei meiner dette sikrar omsynet både ein fungerande marknad og til offentleg kontroll og styring best. Dei er ikkje samde i at dette blir vanskeleg med omsyn til EØS-avtalen. Dei peiker på at Magnus Aarbakke, professor dr juris oppnemnt som sakkunnig for utvalet, har gjeve tilvising på ein konkret, gjennomførbar transaksjonsmodell. LVK sin representant i utvalet går inn for denne løysinga.

#### *Kva vassfallrettar som skal vera omfatta:*

Eit fleirtal i utvalet går inn for at alle vassfall som blir nytta til kraftproduksjon og som ved regulering kan gje meir enn 4.000 naturhestekrefter og erverva før 1909 skal vera omfatta av det nye regimet. Dette inneber at privateigde kraftverk som i dag er unnateke heimfall kjem inn under heimfallsregimet på lik line med alle andre. Mindretalet meiner at dette bør gjelde alle anlegg erverva før 1909.

Det blir elles vist til tilsendt høyringsuttale frå Regionrådet i Valdres og den saksutgreiinga som ligg til grunn for deira vedtak.

#### **Vurdering:**

Heimfallsinstituttet vart oppretta i ei tid då Noreg var eit utviklingsland. Framsynte menn forstod at det var naudsynt å sikre norsk eigedomsrett til arvesylvet vårt. Krafta har vore på norske hender og vore med og sikra norske interesser. Det har gjeve grunnlag for vekst og utvikling i det norske samfunnet til prisar som har vore til å leva med. Og det har sikra det norske samfunnet levering av energi også i krisetider.

Denne høyringa dreiar seg i all hovudsak om kven som skal vera eigarar i vasskraftsektoren i framtida. Medlemmene i utvalet har ikkje kome fram til eit felles synspunkt når det gjeld dette spørsmålet. NOU 2004:26 gjev såleis ikkje eit klart svar på korleis nasjonen Noreg bør forhalde seg til spørsmålet. Då står spørsmålet att; kvifor såg norske politikarar for hundre år sidan det som naudsynt å sikre norsk eigarskap til vasskraftressursane? Er situasjonen vesentleg endra frå då til no? Og korleis vil det standpunktet me kjem fram til i dag slå ut i framtida?

Det har vore stor interesse for denne NOUen i media. Mange avisartiklar går ut på at Hjemfallsutvalget har gått for langt i å sleppe frå seg råderetten over dei norske naturressursane med tanke på kortsiktig økonomisk vinning. Politikarar frå både høgre- og venstresida har uttala seg til fordel for heimfall. Likeeins har det kome uttaler om EØS og ESA som viser at det er sterk usemje mellom "dei lærde" kva som er dagens rettstilstand på området. Også Hjemfallsutvalget sin bruk av for få sakkunnige er kritisert. Tidlegare statsminister Kåre Willock har i Aftenposten uttala seg til fordel for framhald av norsk råderett over ressursane, dvs heimfall. Parlamentarisk leiar i Sp, Marit Arnstad har uttala at innstillinga frå fleirtalet i Hjemfallsutvalget er ei innstilling for sal av kraftverk. Ho ser at store utanlandske interesser som Vattenfall, Fortum og E.on står klar til å kjøpe opp norske kraftverk. Mange har åtvare mot at det kan bli gått for fort fram i ei så viktig sak, og har rådd til lengre høyringsfrist, mellom dei Einar Steensnæs frå KrF. Dei som forsvorar fleirtalet i NOUen har i all hovudsak vore folk frå kraftbransjen eller med interesser i denne bransjen.

Saksbehandlar er samd med mindretalet i utvalet i at me skal vera varsame med å gjera endringar i desse tider som kan vera irreversible for framtidige generasjonar. I våre dagar blir stadig fleire avgjerder skudde ut på eit overnasjonalt plan. Kanskje kan det vera fornuftig at råderetten til våre egne nærast evigvarande naturressursar blir halde på eit nasjonalt nivå. Kanskje kan dei tankane som rådde på dette området for hundre år sidan vera like aktuelle i dag. Mykje kan tyde på at me i dag ikkje er særleg meir vidsynte og glupe enn dei var den gongen. Saksbehandlar har difor stor sans for den vurderinga som er gjort i saksutgreiinga til Regionrådet. Saksbehandlar rår difor til at kommunestyret legg seg på likelydande framlegg til vedtak som Regionrådet.

### **Forslag til vedtak:**

Kommunestyret kjem med fylgjande uttale til NOU 2004:26 om heimfall:

1. Det er behov for ei grundigare avklaring i saka med omsyn til kva handlingsrom EØS-avtalen gjev, og deretter kva hensiktsmessige heimfallsmodellar som det er råd å gjennomføre.
2. Av dei modellane det er framlegg om i NOUen støttar kommunestyret *Transaksjonsalternativet*. Denne modellen inneber at alle kjøparar blir underlagde tidsavgrensa konsesjonar på 60 år medan dagens offentlege eigarar beheld sin evigvarande konsesjon inntil dei gjer eit frivillig sal.
3. Dersom *Lovtidspunktmodellen* blir vedteken, skal konsesjonstida vera 60 år og dagens kommunale eigarar bli tilkjent erstatning i tråd med prinsippa i *rettighetsmodellen*; dvs at dei kommunane som er eigarar når lova blir vedteken og som framleis er eigarar på heimfalltidspunktet skal ha rette til ein betydeleg del av anlegget eller erstatning tilsvarande den same verdien.

## Behandling/vedtak i Kommunestyret den 03.03.2005 sak 0007/05

### Behandling:

Eivind Brenna fremma slikt forslag til nytt pkt. 1 og 2:

1. Heimfall er ei ordning som sikrar nasjonal kontroll med naturressursane, og ordninga må vidareførast.
2. Det må utarbeidast ordningar der kommunar med vasskraftressursar får varig eigedomsrett til denne ressursen.

Eivind Brenna sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke – som pkt. 3, 4 og 5.


### Vedtak:

Kommunestyret kjem med fylgjande uttale til NOU 2004:26 om heimfall:

1. Heimfall er ei ordning som sikrar nasjonal kontroll med naturressursane, og ordninga må vidareførast.
2. Det må utarbeidast ordningar der kommunar med vasskraftressursar får varig eigedomsrett til denne ressursen.
3. Det er behov for ei grundigare avklaring i saka med omsyn til kva handlingsrom EØS-avtalen gjev, og deretter kva hensiktsmessige heimfallsmodellar som det er råd å gjennomføre.
4. Av dei modellane det er framlegg om i NOUen støttar kommunestyret *Transaksjonsalternativet*. Denne modellen inneber at alle kjøparar blir underlagde tidsavgrensa konsesjonar på 60 år medan dagens offentlege eigarar beheld sin evigvarande konsesjon inntil dei gjer eit frivillig sal.
5. Dersom *Lovtidspunktmodellen* blir vedteken, skal konsesjonstida vera 60 år og dagens kommunale eigarar bli tilkjent erstatning i tråd med prinsippa i *rettigheitsmodellen*; dvs at dei kommunane som er eigarar når lova blir vedteken og som framleis er eigarar på heimfallstidspunktet skal ha rette til ein betydeleg del av anlegget eller erstatning tilsvarande den same verdien.

Utskrifta er rett

Vestre Slidre kommune,  
Slidre, 4. mars 2005

  
Arnbjørn Adolfsen  
1. sekretær